

Å skriva om modernisme

Den opne, pragmatiske definisjonen av modernisme er at dette er estetiske uttrykk som gjennom eit samspel mellom formspråk og innhald reflekterer det nye levesettet som veks fram i den vestlege verda dei siste par hundreåra. For å gjera dette enorme materialet handterleg, slik at ein kan seia noko om sambandet mellom den modernistiske tradisjonen på eine sida og det einskilde kunstverket ein har føre seg på den andre, er det naudsynt å gjera markante forenklingar i skildringa av tradisjonen.

I så måte har eg og fleire av mine nordiske kollegaer hatt stor glede av danske R. Broby-Johansens *Ismerne: Modernismens kunsthistorie i 175 billeder* (1977, svensk utg. same år, norsk utg. 1978). Broby-Johansens pedagogiske grep er at dei teoretiske forklaringane er minimale, for ikkje å seia mikroskopiske. I staden får ein heilt konkrete døme på bilete frå kvar av dei mest sentrale retningane innanfor den modernistiske biletkunsten. Forfattaren nøyer seg med korte kommentarar som i nærmast stikkordprega form gjev oppslag til analysar av biletet som uttrykk for den aktuelle retninga sitt kunstnarlege program.

Desse retningane, eller ismane, er profilerte posisjonar innanfor modernismen. Ved å fokusera på desse, og på dei aller tydelegaste døma innanfor kvar av dei, får Broby-Johansen teikna opp eit kart det er mogleg å orientera seg etter. Visst er det mange kunstverk som ikkje like tydeleg

fell innanfor den eine ismen eller den andre, visst er det mange som lagar kunst som er modernistisk utan at han passar saman med nokon av ismane i det heile tatt. Men det er spørsmål ein får ta seinare. Først må ein etablera kartet. Så kan ein sjå på alle nyanseringane som finst i røyndomen etterpå.

Mitt mål med denne første delen av boka er å etablera kartet. Først skal me sjå på tydelege døme på ismane innanfor internasjonal biletkunst og lyrikk. Så skal me sjå på portalkstar i forståinga av ismane innanfor norsk lyrikk.